Utskriftsdato: 28.10.2026

Vang kommune

Adresse: TYINVEGEN 5161, 2975 Vang i Valdres
Telefon: 61 36 94 00

Vann og avløp med informasjon om vannmåler

EM §6-7 Oppdragstakerens undersøkelses- og opplysningsplikt Kilde: Vang kommune

Kommunenr.	3454	**Gårdsnr.**	16	**Bruksnr.**	6	**Festenr.**		**Seksjonsnr.**	
Adresse	Vennisvegen 1808, 2977 ØYE								

Informasjon om vann/avløp registrert på eiendommen

Målernummer	Stand	Dato	Avlesningstype
Ingen treff på vannmålere.			


Offentlig vann	Nei
Offentlig avløp	Nei
Privat septikanlegg	Ja

FORBEHOLD VED UTLEVERING AV INFORMASJON I FORBINDELSE MED EIENDOMSFORESPØRSLER:

Det tas forbehold om riktigheten eller fullstendigheten av opplysningene i dette dokumentet. Det kan ikke rettes krav som følge av at disse opplysningene benyttes som grunnlag for beslutninger.

Utskriftsdato: 28.10.2026


Vegstatuskart for eiendom 3454 - 16/6//



Det tas forbehold om riktigheten eller fullstendigheten av opplysningene i dette dokumentet. Det kan ikke rettes krav som følge av at disse opplysningene benyttes som grunnlag for beslutninger.

Utskriftsdato: 28.10.2026

Eiendomskart for eiendom 3454 - 16/6//



Det tas forbehold om riktigheten eller fullstendigheten av opplysningene i dette dokumentet. Det kan ikke rettes krav som følge av at disse opplysningene benyttes som grunnlag for beslutninger.

- Eiendomsgr omtvistet
- Hjelpelinje vegkant
- Hjelpelinje fiktiv
- Hjelpelinje punktfeste
- Hjelpelinje vannkant
- Eiendomsgr lite nøyaktig >=500
- Eiendomsgr mindre nøyaktig >200<=500
- Eiendomsgr mindre nøyaktig >30<=200
- Eiendomsgr middels nøyaktig >10<=30
- Eiendomsgr nøyaktig <= 10
- Eiendomsgr uviss nøyaktighet
- Grensepunkt lite nøyaktig
- Grensepunkt mindre nøyaktig
- Grensepunkt mindre nøyaktig
- Grensepunkt middels nøyaktig
- Grensepunkt nøyaktig
- Grensepunkt - offentlig godkjent
- Grensepunkt - bolt
- Grensepunkt - kors
- Grensepunkt - rør
- Grensepunkt - hjelpepunkt / annet
- Grensepunkt - uten klassifisering

Areal og koordinater for eiendommen

Areal	1 179,80 m^2	**Arealmerknad**	Hjelpelinje vannkant, Hjelpelinje vegkant				
Representasjonspunkt	**Koordinatsystem**	EUREF89 UTM Sone 32	**Nord**	6782884,02	**Øst**	467260,74	

Grensepunkter						**Grenselinjer (m)**	
#	**Nord**	**Øst**	**Nøyaktigh.**	**Nedsatt i**	**Grensepunkttype**	**Lengde**	**Radius**
1	6782894,76	467245,38	200 cm	Ikke spesifisert (IS)	Geometrisk hjelpepunkt (99)	46,90	
2	6782904,61	467268,02	200 cm	Ikke spesifisert (IS)	Annen detalj (83)	24,69	
3	6782905,01	467268,95	500 cm	Ikke spesifisert (IS)	Geometrisk hjelpepunkt (99)	1,01	
4	6782859,93	467279,74	500 cm	Ikke spesifisert (IS)	Geometrisk hjelpepunkt (99)	46,36	
5	6782852,76	467261,6	200 cm	Ikke spesifisert (IS)	Geometrisk hjelpepunkt (99)	19,51	

Vang kommune

Tyinvegen 5161

2975 Vang i Valdres

Org.nr.: 961382246

Telefon: 61 36 94 00

E-post: post@vang.kommune.no

Utskriftsdato: 29.10.2026

Meklaropplysningar

Kommunenr.	3454	**Gårdsnr.**	16	**Bruksnr.**	6	**Festenr.**	0	**Seksjonsnr.**	0
Adresse:	Vennisvegen 1808, 2977 ØYE								

Ferdigattest / Mellombels bruksløyve

	Ja	**Nei**
Det føreligg ferdigattest:	☐	☒
Det føreligg mellombels bruksløyve:	☐	☒
Det føreligg søknad om byggeløyve (ikkje vedlagd):	☐	☒
Kommentarar:		

Generell informasjon:
Eldre hus oppført på 60- talet manglar ofte bruksløyve. Plan- og bygningslova kom i 1965, og fyrst då eit krav om å søke og få godkjend bruk av bygning, men det tok nokre år å få lovverket opp å gå. Vi opplever også at det ved seinare høve har skjedd at ein bustad ikkje har fått utskrive eit formelt bruksløyve. Kommunen skal i ettertid ikkje skrive ut ferdigattest for saker før 01.01.1998.

Bustadar frå denne perioden er likevel å ansjå som godkjend for det formålet dei har vore nytta til.

Kommunen tek atterhald om at det kan vere avvik i våre register i forhold til den faktiske situasjonen. Kommunen kan ikkje stillast økonomisk ansvarleg for bruk av informasjon som vert oppgitt i samanheng med eigedomsførespurnadar.

Vang kommune


Grunnkart

Eigedom: 16/6
Adresse: Vennisvegen 1808
Dato: 28.10.2026
Målestokk: 1:1000

N

UTM-32

Eigedomsgr. nøyaktig <= 10 cm
Eigedomsgr. middels nøyaktig >10<=30 cm
Eigedomsgr. mindre nøyaktig >30<=200 cm
Eigedomsgr. mindre nøyaktig >200<=500 cm
Eigedomsgr. lite nøyaktig >=500 cm
Eigedomsgr. utan nøyaktigheit
Eigedomsgr. omtvista
Hjelpelinje vegkant
Hjelpelinje punktfeste
Hjelpelinje vasskant
Hjelpelinje fiktiv



Det vert teke atterhald om at det kan førekome feil, manglar eller avvik i kartet. Spesielt gjeld dette usikre eigedomsgrenser. Dette kartet kan ikkje nyttast som situasjonsplan i byggesaker.

Utskriftsdato: 28.10.2026

Vang kommune

Adresse: TYINVEGEN 5161, 2975 Vang i Valdres
Telefon: 61 36 94 00

Kommunale gebyrer 2026

EM §6-7 Oppdragstakerens undersøkelses- og opplysningsplikt Kilde: Vang kommune

Kommunenr.	3454	**Gårdsnr.**	16	**Bruksnr.**	6	**Festenr.**		**Seksjonsnr.**	
Adresse	Vennisvegen 1808, 2977 ØYE								

Kommunale gebyrer fakturert på eiendommen i 2025

Kommunale gebyrer er en kombinasjon av forskudd, abonnement og enkeltgebyrer fakturert etter levert tjeneste. Vi kjenner ikke samlet gebyr for en eiendom for et år før året er omme. Denne rapporten sammenstiller dette for fjoråret, med summer fordelt per fagområde. Tjenestene vil normalt ha en prisøkning hvert år, samt at forbruk på ulike tjenester kan variere fra år til år.

Gebyr	**Fakturert beløp i 2025**
Feiing	686,00 kr
Renovasjon	4 046,25 kr
Slam	2 375,65 kr
Sum	**7 107,90 kr**

Prognose kommunale gebyrer på eiendommen inneværende år

Vare	**Mva**	**Grunnlag**	**Enhetspris**	**Andel**	**Korreksjon**	**Årsprognose**	**Fakt. hittil i år**
Grunnpris slamtøming pr.anlegg	15%	1 stk	1370.80	1/1	0 %	1 370,80 kr	1 370,80 kr
Tøming avvanningsbil pr.m3	15%	1 m3	541.65	1/1	0 %	541,65 kr	541,65 kr
Tilsyn/Feiing	0%	1 Stk	703.00	1/1	0 %	703,00 kr	527,25 kr
Renov.avg.husstand	25%	1 Stk	4046.25	1/1	0 %	4 046,25 kr	3 034,69 kr
Tilsynsgebyr spredt avløp	0%	1 stk	500.00	1/1	0 %	500,00 kr	375,00 kr
					Sum	**7 161,70 kr**	**5 849,39 kr**

Løpende gebyr brukes for å fordele en årlig kostnad på flere innbetalinger.

Mva-feltet gir informasjon om varens merverdiavgiftsats, og beløp er inkludert merverdiavgift. De som har 0% er unntatt merverdiavgift.

Prognosene for inneværende år kan avvike, spesielt ved årsskifte. Dette kan skyldes at enhetspriser ikke er oppdatert for nytt år eller at noen gebyr foreløpig ikke er opprettet for nytt år.

FORBEHOLD VED UTLEVERING AV INFORMASJON I FORBINDELSE MED EIENDOMSFORESPØRSLER:

Det tas forbehold om riktigheten eller fullstendigheten av opplysningene i dette dokumentet. Det kan ikke rettes krav som følge av at disse opplysningene benyttes som grunnlag for beslutninger.

VANG KOMMUNE

Kommuneplan

- 2015-2027 -

Føresegner og retningsliner



Kommuneplan

- 2015-2027 -

FØRESEGNER OG RETNINGSLINER TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL

Til behandling i kommunestyret den 18.12.2014, med heimel i lov om planlegging og byggesaksbehandling (pbl) av 27. juni 2008 nr. 71, kapittel 11.

Innhald – Føresegner og retningsliner

DEL 1: Generelle føresegner

Rettsverknader 5

Jordlova 5

1. Generelt 5

1.1 Gjeldande planar (pbl § 1-5) 5

1.2 Utbyggingsavtala,(pbl § 11-9 nr. 2) 5

1.3 Rekkjefylgjekrav for teknisk og sosial infrastruktur (pbl § 11-9 nr. 4) 6

1.4 Funksjonsklassar, avkjørsler og byggjegrense langs veg og vassdrag (pbl § 11-10 nr. 4) 6

1.5 Byggje- og anleggstiltak mot vassdrag (pbl § og 11-11 nr. 5) 7

1.6 Universell utforming og krav til tilgjenge (pbl § 11-9 nr. 5) 7

1.7 Leike-, ute- og opphaldsareal (pbl § 11-9 nr.5) 7

1.8 Tilkopling til offentleg vatn- og avlaupsnett (pbl §§ 11-9 nr. 3 og 18-1) 7

1.9 Støysoner 7

1.10 Omsyn til eksisterande bygningar, kulturminner og kulturmiljø 7

2. Bygningar og anlegg (pbl §§ 11-9 og 11-10) 8

2.1 Plankrav (pbl §§ 11-9 nr. 1 og 11-10 nr. 1) 8

2.2 Utbyggingsvolum og estetikk (pbl §§ 11-9 nr. 5 og 6) 8

3. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (pbl §§ 11-9 og 11-10) 11

3.1 Plankrav (pbl §§ 11-9 nr. 1 og 11-10 nr. 1) 11

4. Landbruks- natur- og friluftsområde samt reindrift (LNFR) (pbl § 11-11) 11

4.1 Kantsoner langs vassdrag 11

4.2 Landbruksbygg 11

4.3 Kårbustader 12

4.4 Spreidde bustader i LNFR-område 12

4.5 Eksisterande, eldre byggjeområder for fritidsbustader i LNFR-område utan reguleringsplan 13

4.5 Spreidde næringsbygg 13

4.6 Landbruk pluss 14

5. Bruk og vern av vatn og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl §§ 11-9 og 11-11) 14

5.1. Miljøkvalitet i vassdrag 14

5.2 Forbod mot og vilkår for tiltak i vassdrag 14

5.3 Verna vassdrag 15

6. Forhold som skal bli avklara i vidare reguleringsarbeid (pbl § 11-9 nr. 8) 15

6.1 Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) 15

6.2 Flaum og skred 15

6.3 Overvatn 15

6.4 Grunnforureining 15

6.5 Potensielle drikkevasskjelder 15
6.6 Naturmangfald 15
6.7 Andre krav 16
7. Omsyns- og bandleggingsoner (pbl § 11-8) 16
7.1 Sikring-, støy- og faresoner (pbl § 11-8 tredje ledd bokstav a) 16
7.2 Soner med særlege omsyn (pbl § 11-8 tredje ledd bokstav c) 17
7.3 Soner for bandlegging (pbl § 11-8 tredje ledd bokstav d) 19
7.4 Krav om felles planlegging (pbl § 11-8 tredje ledd bokstav e) 19
7.5 Sone der gjeldande reguleringsplaner framleis skal gjelde (pbl § 11-8 tredje ledd bokstav f) 20
8. Rekkefylgjekrav, jf pbl § 11-9 nr. 4 21

DEL 2: Retningsliner for dispensasjonar

I. Etablering av nye eigedomar til bustad og bygging av bustad på eksisterande bustadtomter i ubygde LNFR-område 22
II. Bustad nr.2 på landbrukseigendomar utan behov for kårbustad 22
III. Etablering av fritidsbustad på eksisterande ubygd tomt i LNFR-område 22
IV. Eksisterande, spreidde fritidseigedommar i LNFR-område 22
V. Utleigehytter 23
VI. Vassdragsnære områder 23
VII. Nye vegar og parkeringsplassar 23
VIII. Mindre tiltak på vegnettet 23

Forsidefoto ©Lars Østbye Hemsing

DEL 1: Generelle føresegner

Rettsverknader

Kommuneplanen sin arealdel med plankart, føresegner og retningsliner er rettsleg bindande (jf. lov om planlegging og byggesaksbehandling (pbl), av 27.6.2008 nr. 71, § 11-6), med unnatak av dei område der eldre reguleringsplaner framleis skal gjelde, jf. pbl § 11-8 f). Desse områda er synte som omsynssoner på plankartet. Kommuneplanen sin arealdel gjev ikkje heimel til ekspropriasjon.

Private som ynskjer å utarbeide reguleringsplan skal kontakte kommunen før reguleringsarbeidet startar opp. Nye reguleringsplanar som blir vedtekne etter at kommuneplanen er vedteken gjeld framfor kommuneplanen, jf. pbl § 1-5, 2.ledd.

Jordlova

Jordlova §§ 9 og 12 gjeld for nye utbyggingsområde inntil det føreligg vedteken reguleringsplan, jf. jordlova § 2 andre ledd.

1. Generelt

Føresegnene under punkt 1 gjeld uavhengig av arealformål. Føresegnene er knytt til plankart (datert 10.12.2014). Retningsliner og merknader er skrive i kursiv.

1.1 Gjeldande planar (pbl § 1-5)

Vedtekne kommunedelplanar skal framleis gjelde:

- Kommunedelplan for Tyinkrysset (22.9.2005)
- Kommunedelplan for Raudalen (24.4.2003)
- Kommunedelplan for Slettefjellet (14.10.1999)
- Kommunedelplan for Grindafjell (6.2.2003)

Innanfor planområda til kommunedelplan for Grindafjell (H810_2) og kommunedelplan for Raudalen (H810_5) er det krav om rammeplan for vatn og avlaup. Dette gjeld framfor gjeldande føresegner i vedtekne kommunedelplanar, jf. punkt 7.4 Krav om felles planlegging.

1.2 Utbyggingsavtala,(pbl § 11-9 nr. 2)

I byggjeområde vist på plankartet vil utbyggingsavtale vera ein føresetnad for utbygging, jf. vedtak i kommunestyret 14. desember 2006 (KS-057/06) og pbl § 17-2. Kommunestyret sitt vedtak utfyller desse føresegnene.

Kommunen kan inngå utbyggingsavtale med grunneigarar og/eller utbyggarar av større utbyggingstiltak også etter vedteken plan. Utarbeiding av utbyggingsavtale vil då fylgje eit sjølvstendig løp.

Utbyggingsavtalane skal sikre anlegg av infrastruktur som vegar, parkering, brøyting , skiløyper, vassforsyning og avlaup.

Ei utbyggingsavtale mellom grunneigarar og/eller utbyggarar og kommunen skal avklare ansvarsfordeling for utbygging av desse tiltaka:

- Teknisk og grøn infrastruktur (t.d. felles avkøyring, vatn og avlaup, parkering)
- Bustadpolitiske tiltak (t.d. fordeling av bustadtypar og storleik på bueiningar)
- Utforming av bygg (t.d. krav om livslaupstandard og universell utforming)

- Spesielle tiltak som er nødvendig for gjennomføring av planvedtak
- Tiltak der det må dokumenterast at tiltaket er nødvendig for gjennomføring og der kostnadene må fordelast etter nytte
- Rutinar for gjennomføring av utbygging.
- Ansvarsfordeling under bygging og framtidig drift.

Opparbeidingsplikt for veg, vatn- og avlaupsanlegg (jf. pbl § 18-1) gjeld fullt ut.

Behandlinga skal så langt det er tenleg vere parallell med reguleringsarbeidet. Varsel om oppstart av arbeid med utbyggingsavtale vert gjort samtidig eller kort tid etter varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid. Utkast til utbyggingsavtale vert lagt ut til offentleg ettersyn samtidig med ettersyn av reguleringsplan. Utbyggingsavtalen vert behandla av kommunestyret straks etter reguleringsplanen er vedteken. Kunngjering av utbyggingsavtale vert gjort samtidig med kunngjering av planvedtak.

1.3 Rekkjefylgjekrav for teknisk og sosial infrastruktur (pbl § 11-9 nr. 4)

Utbygging i område til byggje- og anleggsformål (eksisterande og nye) kan ikkje finne stad før fylgjande tekniske anlegg er etablert:

- Trafikksikker tilkomstveg, planovergang og avkøyring/kryss.
- Løyve til avkøyring.
- Vatn og avlaup.
- Elektrisitetsforsyning og renovasjon.
- Leike- og aktivitetsområde, jf. 1.6 Leike-, ute-, og opphaldsareal.

1.4 Funksjonsklassar, avkjørsler og byggjegrense langs veg og vassdrag (pbl § 11-10 nr. 4)

Vegnettet er delt inn i funksjons- og haldningsklassar (sjå tabell 1). Vegmyndigheitenes kriterier for dei forskjellige funksjonsklassane ligg til grunn ved søknad om byggjetiltak i nærleik av veg og/eller ny eller utvida bruk av eksisterande avkjørsel. Veglova set i § 29 ei generell byggjegrenser knytt til den enkelte funksjonsklassa; denne gjeld der det ikkje føreligg godkjende reguleringsplanar som bestemmer andre byggjegrenser. Byggjegrensa målast i frå vegkanten. Funksjonsklassane er synt som 'bestemmelseområde' i plankartet.

Tabell 1: Funksjons-, haldnings- og byggjeklassar til vegar i Vang.

Funksjonsklasse	Vegar i Vang	Haldningsklasse	Byggjeklasse
A – Nasjonal hovudveg	E16	I - Svært streng haldning	50 m
B – Regional hovudveg	F51 og F53	II - Streng haldning	50 m
C – Lokal hovudveg	E289	II - Streng haldning	30 m
D – Lokal hovudveg	F293 og F252	III - Mindre streng haldning	20 m
E – Lokal tilkomstveg	F302, Strøndafjordvegen, Bøagøta, Ellingbø-vegen, Burmavegen, Klukkargardsvegen, Syndinvegen, Vennis-vegen, Gydavegen, Ryfossvegen og Kvednavegen	IV - Lite streng haldning	15 m

1.5 Byggje- og anleggstiltak mot vassdrag (pbl § og 11-11 nr. 5)

Om ikkje anna er bestemt i godkjend reguleringsplan er det ikkje tillate med byggje- og anleggstiltak nærare vassdrag enn 30 meter. For hytter gjeld ein generell regel om at dei ikkje skal førast opp nærare vassdrag enn 50 meter.

1.6 Universell utforming og krav til tilgjenge (pbl § 11-9 nr. 5)

Ved utarbeiding av reguleringsplanar og ved nybygging, rehabilitering og ombygging skal det bli vektlagt at alle bustader, offentlege bygg, næringsbygg, fellesområde og uteareal kan bli nytta av alle menneske i så stor utstrekning som mogleg, utan behov for seinare tilpassing eller spesiell utforming. For prosjekt med fire bustader eller fleire skal minimum 25 % av bustadene tilfredsstille krav til tilgjenge. For prosjekt med færre enn fire bustader skal det synleggjerast korleis delar av bustadene på sikt kan tilfredsstille krav til tilgjenge. Planar og tiltak skal byggje på prinsippa om universell utforming i samsvar med tilrådde løysingar i forskrifter og rettleiingar.

1.7 Leike-, ute- og opphaldsareal (pbl § 11-9 nr.5)

Ved utarbeiding av reguleringsplanar i område til bustader skal det bli sett av felles uteopphaldsplassar på minimum 25 m² pr. bueining i nærleiken av bustadene.

1.8 Tilkopling til offentleg vatn- og avlaupsnett (pbl §§ 11-9 nr. 3 og 18-1)

Alle bygningar, inkludert fritidsbustader, har krav om tilkopling til offentleg vatn- og avlaupsnett. Vil dette føre med seg urimeleg store kostnadar eller andre særskilde omsyn tilseier det, kan kommunen godkjenne andre ordningar.

1.9 Støysoner

Retningsliner for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442, 2012) skal leggjast til grunn ved behandling av tiltak nær støykjelder. Støyfølsame tiltak som bustader og fritidsbustader skal ikkje bli lokalisert innafor raud støysone. Ved tiltak innafor gul støysone skal det gjennomførast støyberekningar som synleggjer støynivå inne og ute ved fasadar og uteareal. Utgreiinga skal syne tiltak mot støy dersom grenseverdiane blir overskride.

1.10 Omsyn til eksisterande bygningar, kulturminner og kulturmiljø

1.10.1 Eksisterande bygningar

All bygging skal bli vurdert ut frå eksisterande bygningar og området. Verneverdige bygningar, kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad bli teke i vare som bruksressursar og bli satt i stand, jf. pbl § 11-9 nr. 7.

Søknader om dispensasjon eller byggjeløyve i saker som gjeld bygningar oppført før 1900 skal sendast Oppland fylkeskommune ved fageining for kulturarv til fråsegn.

1.10.2 Kulturmiljø

Kulturmiljøa rundt stavkyrkjene i Øye (H570_1) og Høre (H570_2) er sikra ved binding av arealbruk for ei lengre periode, jf. pbl § 11-8 tredje ledd bokstav c og § 11-18. Intensjonen med denne bindinga er å sikre at kyrkjene skal vere omgitt av landbrukslandskap som i dag. Dette inneber eit strengare vern enn berre å avsette område med ei omsynssone. Årsaken til dette er at nærmiljøet førebels ikkje er fullstendig ivareteke gjennom reguleringsplan. Avgrensinga gjeld for 25 år. Departementet kan samtykke i at planen vert endra tidlegare, jf pbl § 11-18. Sjå òg punkt 7.2.2.

1.10.3 Tiltak som ikkje er avklart i reguleringsplan

Tiltak som ikkje er avklart gjennom reguleringsplan skal føreleggas kulturminnemyndigheitene til uttale, jf. kulturminnelova § 8 første ledd og § 9, enten det gjeld byggjesaker, dispensasjonssaker eller i samband med konsesjonsbehandling.

1.10.4 Byggverk eller anlegg som er oppført før 1850

Søknad om riving eller vesentleg endring av byggverk eller anlegg oppført før 1850 skal sendast over til kulturminnemyndigheitene, jf. kulturminnelova § 25.

2. Bygningar og anlegg (pbl §§ 11-9 og 11-10)

2.1 Plankrav (pbl §§ 11-9 nr. 1 og 11-10 nr. 1)

For større byggje- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlig verknader for miljø og samfunn er det krav om reguleringsplan, jf. pbl §12-1, 2. og 3. ledd.

I område til bygg og anlegg kan tiltak etter pbl § 1-6 og § 20-1 ikkje finne stad før området inngår i vedteken reguleringsplan, jf. pbl kapittel 12.

2.1.1 Råstoffutvinning

Uttak av mineralske råstoff utover eiga bruk, utviding av eksisterande masseuttak eller steinknusing i område sett av til råstoffutvinning kan ikkje finne stad før området inngår i vedteken reguleringsplan. Reguleringsplanen skal ha føresegner om omfang, uttaksretning, ev. etappevis drift og deponi, og istandsetjing.

2.1.2 Unntak frå plankrav

Bruksendring av eksisterande bygningsmasse til formål i samsvar med vedteken arealbruk er unnateke frå plankravet.

Mindre tilbygg og påbygg, garasjar, uthus, ombygging av eksisterande bustad/fritidsbustad og nybygg på tidligare frådelte ikkje utnytta tomter innafor område for bustader eller fritidsbustad, er unnateke frå plankravet dersom tiltaket er i tråd med formålet. Følgjande føresegner gjeld for slike tiltak:

- Utnyttinga på tomta til bustad eller fritidsbustad skal ikkje overstige 300 m^2 BYA for bustader og 200 m^2 BYA for fritidsbustader. For fritidsbustader er maksimal storleik på hovudhytta 150 m^2 BYA. To biloppstillingsplasser skal bli rekna med i BYA (sjå punkt 2.2.1)..
- Maksimal mønehøgd er 8 meter for bustader og 5,5 meter for hytter. Dette skal målast frå gjennomsnittleg planert terreng.
- For byggjegrenser for tilbygg, påbygg og nybygg på eksisterande tomter for bustader og hytter mot vassdrag, sjå punkt 1.5.
- Tilbygg, påbygg og nybygg på eksisterande tomter for bustadar eller fritidsbustad er ikkje tillate nærare privat veg, gangveg, sti eller skiløype enn 15 meter. Avstanden skal målast frå vegen-/sti-/løypas midtlinje. (Sjå òg punkt 1.4 for byggjegrenser til vegar av høgare funksjonsklasse).
- Tiltaket skal vere tilstrekkeleg sikra mot fare. Føresegner og retningsliner knytt til utgreiing av risiko og fare i nye planar skal også leggjast til grunn for tiltak som er unnateke plankrav.
- Tiltaket må ikkje råka freda kulturminne.

2.2 Utbyggingsvolum og estetikk (pbl §§ 11-9 nr. 5 og 6)

Utnyttingsgrad blir rekna i %-BYA i samsvar med teknisk forskrift til pbl med rettleiar . Parkeringsplassar i samsvar med gjeldande norm blir rekna som BYA.

2.2.1 Parkering

Kvar biloppstillingsplass skal minimum vere 18 m^2. Tabell 2 definerer kravet til biloppstillingsplassar pr. eining.

Tabell 2: Krav til talet på biloppstillingsplassar pr. eining.

Biloppstillingsplassar	
Bustader	2 pr. eining
Fritidsbustad med tilkomstveg	2 pr. eining
Hotell og overnattingsstad	0,5 pr. gjesterom
Serveringsstader	1,0 pr. 15 m^2 bruksareal
Leilegheitsbygg	1,5 pr. leilegheit

2.2.2 Bustader

Desse føresegna skal vere retningsgivande når nye reguleringsplanar for bustader skal utarbeidast.

2.2.2.1 Utnyttingsgrad og bygningsvolum

- Det er tillate med 30 % BYA pr. tomt i område sett av til bustader, inkludert garasje, parkering (sjå punkt 2.2.1) og andre tiltak. BYA skal ikkje overstige300m^2 totalt. Dette gjeld dersom ikkje anna er fastsatt i vedteken reguleringsplan.
- Det er tillate med tre bygg totalt pr. eigedom.

2.2.2.2 Utforming

- Bustader skal ha ei klar lengderetning som fylgjer høgdekotene. Bygg med mønetak skal ha hovudmøneretning som fylgjer byggjet si lengderetning.
- Tak skal vere tekte med matte material.
- Ved fortetting i eksisterande bustadområde skal nye bygg harmonere med eksisterande bygg.
- Mønehøgd skal ikkje overstige 8,5 meter og gesimshøgde ikkje overstige 7,0 meter.
- Frittståande garasjar si mønehøgd skal ikkje overstige 5,0 meter og gesimshøgde ikkje overstige 3,5 meter målt frå planert terrengs gjennomsnittsnivå. Der det ligg til rette for det skal det kunne bli bygd ein ekstra etasje på garasjen, men byggjet skal ikkje overstige høgda på huset.
- Alle bygg skal ha saltak med takvinkel mellom 22 og 40 grader.
- Alle bygg på ein eigendom skal ha lik form på taket.
- Opphavleg terreng bør ikkje bli endra meir enn 1,5 meter.
- Bygg skal ha underetasje der terrengendringar vil bli meir enn 1,5 meter.

2.2.2.3 Frådeling i område sett av til bustader

I vurdering av delesøknaden skal det bli særleg vektlagd om tomta er eigna til formålet, tilkomst, avlaupsforhold, topografi/stigningsforhold, parkering, uteareal, naturmangfald og nærområdet sin busetnadsstruktur og karakter. Ein skal løyse snuplass innafor eigen tomt eller ved skriftleg avtale.

2.2.2.4 Bruksendring

Bruksendring frå bustad til fritidsbustad er ikkje tillate, med mindre det er i tråd med vedteke arealformål.

2.2.3 Fritidsbustader

Desse føresegna skal vere retningsgivande når nye reguleringsplanar for fritidsbustader skal utarbeidast.

2.2.3.1 Utnyttingsgrad og bygningsvolum

- Storleik på ei tomt skal ikkje overstige 2 daa.
- I område sett av til eksisterande byggjeområde for fritidsbustader, utanfor byggjeforbodssoner til vassdrag, skal BYA ikkje overstige 200 m^2.

- Det skal berre vera éin fritidsbustad pr. eigedom med BYA opp til 150 m^2.
- Det er tillate med tre bygg totalt per eigedom. Uthus eller garasje skal ikkje overstige 50 m^2 for kvar eigendom, innafor eigendomen si totalt tillate BYA på 200 m^2.
- Avstand mellom hytte og uthus skal ikkje overstige 5,0 m.

2.2.3.2 Utforming

- Fritidsbustader skal ha ei klar lengderetning som fylgjer høgdekotene. Bygning skal ha hovudmøneretning som fylgjer byggjet si lengderetning.
- Tak skal vera tekte med mørke, matte materiale.
- Alle bygg skal ha takvinkel mellom 22 og 35 grader.
- Mønehøgde skal ikkje overstige 6,5 m målt frå gjennomsnittlig planert terrengnivå rundt bygningen. Opphavleg terreng skal ikkje bli endra meir enn 1,5 m.

2.2.3.3 Inngjerding og flaggstong

Reglar for inngjerding skal normalt bli teke inn i reguleringsføresegner. Generelt blir fylgjande lagt til grunn:

- Det er lov med inngjerding av inntil 100 m^2 pr. tomt. Ved vurdering av søknad skal omsynet til fri ferdsle langs vassdrag, ferdselsårer, stiar og beitebruk bli tillagt vekt.
- Gjerdet skal vere av i tre, og grinder skal slå utover.
- Gjerdehøgde kan vere maks 100 cm.
- Gjerde som ikkje blir halde i stand kan bli kravd fjerna.
- Oppsetting av grindportalar og flaggstong er ikkje tillate.

2.2.3.4 Bruksendring

Fritidsbustader som ligg i nærleiken av eksisterande busetnad kan bli bruksendra til bustad under føresetnad av at fylgjande krav er oppfylt:

- Avkøyringsløyve frå offentleg veg eller løyve til utvida bruk.
- Etablering eller utbetring av eksisterande veg fram til fritidsbustaden skal ikkje leggje beslag på dyrka eller dyrkbar mark. Etablering av veg i LNFR-område er søknadspliktig både etter plan- og bygningslova og jordlova (omdisponering).
- Fritidsbustaden kan bli tilkopla offentleg vatn og avlaupsnett eller utslippsløyve for separat avlaupsanlegg tilpassa heilårsbustad kan bli gjeve. Vatn og avlaup skal vere sikra i samsvar med pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Fritidsbustaden skal ikkje vere lokalisert i område med byggjeforbod langs vassdrag på 50 m.
- Fritidsbustaden skal ikkje vere lokalisert i område med viktige naturtypar, artar eller kulturminne.
- Fritidsbustaden skal ligge utafor kartlagde støysoner, jf. Klima- og miljødepartementet sine retningsliner for behandling av støy i arealplanlegging; T-1442 (2012).
- Anna relevante krav frå forskrifter og lovverk, herunder teknisk forskrift (TEK 10).

2.2.3.5 Frådeling

Ved frådeling av ny tomt rundt eksisterande fritidsbustad (uendra bruk) eller av tilleggsareal til eksisterande fritidseigedom, skal totalt tomteareal normalt ikkje overstige 2 daa. Frådeling av nye tomter utan eksisterande fritidsbustad i eksisterande bustadområde er ikkje tillate.

Tidlegare frådelte tomter til fritidsbustad kan ikkje delast opp ytterlegare. Anneks blir sett på som ein del av hytta og kan ikkje delast frå. Omdisponering av bustadhus til fritidsbustad er ikkje tillate.

2.2.3.6 Fortetting i områder for fritidsbustader

Ved fortetting med nye hytter og tilbygg bør det bli teke vesentleg omsyn til eksisterande utbyggingsstruktur, landskap, vassdrag og terreng. Ved fortetting forventar kommunen tett dialog med etablerte hytteeigarar. I planskildring til reguleringsplanen skal det bli gjort greie for korleis fortettinga er tilpassa andre omsyn, og korleis dialog med andre partar er gjennomført. Fortetting må

skje på ein skånsam måte slik at området held fast på sitt særpreg. Tilbygg, påbygg og nybygg på eksisterande tomter for fritidsbusetnad kan ikkje bli oppført nærare privat veg, gangveg, sti eller skiløype enn 15 meter.

2.2.4 Fritids- og turistformål - campingplassar

For spikartelt på campingplassane gjeld fylgjande:

- Ikkje breiare enn lengda på vogna og maks 2,5 meter bygg ut frå vogna.
- Tak over spikarteltet skal ikkje vere høgare enn vogna.
- Felles tak over både vogn og spikartelt skal ha beinrausta møne og ikkje vera høgare enn det som trengst for å ha plass til vogna under.
- Avstand mellom vognene må vera i tråd med krav i gjeldande forskrifter.

2.2.5 Råstoffutvinning

Alle massetak med uttak over 500 m^3 skal bli meldt til Direktoratet for mineralforvaltning, som kan stille krav om driftsplan før uttaket blir satt i gang, jf. lov om erverv og utvinning av mineralressurser, av 19.6.2009 nr. 101 § 42. Alle massetak med eit samla uttak større enn 10 000 m^3 krev driftskonsesjon og driftsplan godkjent av direktoratet.

Massetak for bygging og vedlikehald av landbruksvegar kan bli behandla etter landbruksvegforskrifta.

For område som ikkje er sett av til råstoffutvinning på kommuneplankartet, men der det blir eller har vore drive råstoffutvinning, kan kommunen krevje godkjend reguleringsplan før drifta (utvinning, steinknusing eller sortering) blir ført vidare eller teke opp att.

3. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (pbl §§ 11-9 og 11-10)

3.1 Plankrav (pbl §§ 11-9 nr. 1 og 11-10 nr. 1)

For gjennomføring av større byggje- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlig verknader for miljø og samfunn, er det krav om reguleringsplan, jf. pbl § 12-1, 2. og 3. ledd.

I område sett av til nytt samferdsleanlegg kan tiltak nemnt i pbl § 1-6 og § 20-1 ikkje finne stad før området inngår i vedteken reguleringsplan, jf. pbl kapittel 12. L lengd- og tverrprofil for vegen skal blir berekna i samband med reguleringsplan.

4. Landbruks- natur- og friluftsområde samt reindrift (LNFR) (pbl § 11-11)

I LNFR-område er arbeid og tiltak nemnt i pbl §§ 20-1 og 20-2 ikkje tillate, dersom dei ikkje er knytt til stadbunden næring. Dette gjeld også frådeling til slike formål.

4.1 Kantsoner langs vassdrag

Langs vassdrag, med årssikker vassføring, skal det bli sikra og oppretthalde ei kantsone med bredde 2 meter på kvar side av vassdraget målt horisontalt rekna frå kanten ved normalvassføring, jf. krav i Miljøplan for landbruket og vannressursloven § 11 første ledd. I sona skal ein oppretthalde eit naturlig vegetasjonsbelte med levestad for plantar og dyr som òg motverkar avrenning. Ein kan skjøtte kantsona, dersom ein tek omsyn òg sett igjen tre og buskar av forskjellig art og høgde. Snauhogst av kantsona kan berre skje etter godkjenning av Fylkesmannen.

4.2 Landbruksbygg

Som landbruksbygg blir rekna våningshus, naudsynt kårbustad, driftsbygningar, stølshus og skoghusvære. Driftsbygningar er bygningar som er naudsynte for drifta av tradisjonelt jordbruk og pelsdyravl (pbl § 20-2), anlegg for foredling av eigne produkt, seterhus og skoghusvære. Før overgang

til anna bruk må det bli søkt om bruksendring. Det skal vera ei særskild vurdering av behovet for kårbustad og skoghusvære før byggjeløyve blir gjeve, jf. jordlova.

4.3 Kårbustader

Det kan bli tillate bygging av kårbustad på landbrukseigedomar der det er behov for to bustader på bruket, under fylgjande føresetnader:

- Kårbustaden skal bli plassert og utforma slik at den blir ein naturlig del av det tradisjonelle bygningsmiljøet i kulturmiljøet og på garden.
- Kårbustaden skal bli tilpassa eksisterande bygningsmasse m.o.t. takvinklar, takform, materialval, fargar og stilart.
- Det kan berre bli tillate frådeling av kårbustad der det kan skje utan store ulemper for garden og drifta av denne.
- Kårbustaden skal ikkje lokaliserast i område der det er registrert viktig naturmangfald og sårbare raudlistearter.
- Ikkje vere lokalisert i omsynssoner langs vassdrag slik desse er vist på plankartet. Sjå punkt 1.5 for byggjegrense mot vassdrag.
- Ikkje vere lokalisert i omsynssone for kulturminne eller skjemme automatisk freda kulturminne eller sikringssonene deira.
- Ligge utanfor kartlagde støysoner, jf. Klima- og miljødepartementet sine retningsliner for behandling av støy i arealplanlegging; T-1442 (2012).
- Ha løyve til avkøyrsle frå offentleg veg.
- Det må tas omsyn til flaum, skred og overvatn, sjå punkt 6.2 og 6.3.

Det blir ikkje tillate frådeling av kårbustad som ligg på gardstunet.

4.4 Spreidde bustader i LNFR-område

Spreidde bustader er bustadeigedomar i LNFR-område med tilhøyrande uthus, garasje etc., innafor ramma av utnyttingsgrad og krav til utforming i 2.2.2.1 og 2.2.2.2.

Tabell 3: Område for spreidde bustader i LNFR-område i kommuneplanen.

Kode i kartet	Område for spreidde bustader i LNFR-område
LSB1	Kvien
LSB2	Steinsvoll
LSB4	Rogn
LSB5	Fjellbu
LSB6	Neset
LSB11	Brekke
LSB14	Kringsjå
LSB21	Nerre Løosletta
LSB27	Krøsvølhaugadn 4
LSB29	Store Svingen
LSB32	Hensåsen
LSB35	Søndrol
LSB36	Søndrol
LSB37	Søndrol
LSB38	Søndrol
LSB39	Vidsyn
LSB40	Jonbu

Nye bustader med tilkomst i LNFR-område skal:

- Ikkje vere lokalisert i omsynssoner langs vassdrag, jf. punkt 1.5.
- Ikkje vere lokalisert i omsynssone for kulturminne eller skjemme automatisk freda kulturminne eller sikringssonene deira.
- Ikkje vere lokalisert i omsynssone for bevaring av naturmiljø eller på annan måte råke område med utvalde naturtypar eller arter.
- Ligge utanfor kartlagde støysoner, jf. Miljøverndepartementet sine retningsliner for behandling av støy i arealplanlegging; T-1442 (2012).
- Ha løyve til avkøyrsle frå offentleg veg.
- Det må tas omsyn til flaum, skred og overvatn, sjå punkt 6.2 og 6.3.

Avlaup skal bli kopla til kommunalt avlaupsreinseanlegg. Vil dette føre til urimeleg store kostnader eller særlege omsyn tilseier det, kan kommunen godkjenne ei annen ordning i tråd med forureiningsforskrifta.

Kommunen er positiv til å dispensere for å etablere bustader (deling og bygging) i LNFR områda i bygda.

4.5 Eksisterande, eldre byggjeområder for fritidsbustader i LNFR-område utan reguleringsplan

Dei tre byggjeområda Mjølkedøla I og II og Dalsteigen er eldre byggjeområder utan reguleringsplan. Alle tomtene i dei to førstnemnde områda er utbygd, medan det er igjen nokre få ledige tomter i Dalsteigen. Ei utviding ihht. føresegna i punkta under vil ikkje føre til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser.

4.5.1 LSF1 og LSF2 Mjølkedøla I og II

Innafor kan det bli bygd eitt bygg pr. tomt med maks BYA 100 m^2 (ekskl. oppstillingsplass for bil, sjå punkt 2.2.1). Maksimal mønehøgd er 5 meter over gjennomsnittleg planert terreng, og maks gesimshøgd er 3 meter.

4.5.2 LSF3 Dalsteigen

Innafor kan det bli bygd to bygg pr. tomt med maks 100 m^2 BYA. Hovudbygg skal maks vere 80 m^2 BYA og uthus/anneks maks30 m^2 BYA. Maks mønehøgd er 5 meter over gjennomsnittleg planert terreng og maks gesimshøgd er 3 meter.

4.5 Spreidde næringsbygg

4.5.1 Fiskebuer

Dette gjeld LSN1-LSN12. Fiskebuer er og har alltid vore ein integrert del av bruksstrukturen i Vang, med nær alt fjellareal i privat eige eller i privat sameige , og utmarksressursane som ein føresetnad for drift og busetnad.

For områda LSN1-LSN12 gjeld fylgjande føresegner:

- Inntil to bygg i kvart område.
- For hovudbyggjet er det tillate med opp til 30 m^2 BYA og mønehøgd opp til 4 m.
- For bygg nr. 2, som kan vere sikringsbu eller naust, er det tillate med opp til 20 m^2 BYA og mønehøgd inntil 3 m.
- Bygningane skal vere tilpassa terrenget og vere plassert meir enn 50 m frå vatn.
- Ingen grunnmur skal vere høgare 0,3 meter.
- Det skal bli levert situasjonskart som syner planlagt plassering før det blir gjeve byggjeløyve. Det skal liggje føre ei landbruksfagleg tilråding før løyve blir vurdert.

4.5.1.1 Eksisterande fiskebu ved Høljesyndin (LSN8)

Her er tillate med restaurering eller erstatning av eksisterande hovudbygg under fylgjande føresetnader:

- Material til oppføring/restaurering skal bli frakta inn gjennom verneområdet vinterstid (desember.-april) og snøforhold må vere tilstrekkeleg slik at ein unngår terrengavtrykk og plantevernet blir ivareteke (Det bør vere minimum 0,5 m fast snø innafor verneområdet).
- Erstatning av eksisterande fiskebu skal bli gjort på eller direkte knytt til eksisterande grunnmur. Det er ikkje tillate med utviding av fiskebua, slik at avstanden mellom bua og Høljesyndin vert redusert.
- Restaurert eller nybygd fiskebu er tillate med inntil 30 m^2 BYA og mønehøgd inntil 4 m.
- Andre bygg knytt til fiskebua kan berre bli satt i stand. Det er ikkje tillate med andre nybygg enn hovudbyggjet.
- Ingen grunnmur skal vere høgare 0,3 meter.
- Det skal bli levert situasjonskart som syner planlagt plassering før det blir gjeve byggjeløyve. Det skal ligge føre ei landbruksfagleg tilråding før løyve blir vurdert.

4.5.1.2 Eksisterande fiskebuer ved Synsbekk LSN12

I dette området kan det totalt bli bygd 10 fiskebuer. Området er tidlegare godkjent gjennom disposisjonsplan. Føresegnene som gjeld for LSN 1-11 med omsyn til størrelse, høgd og utforming av bygg skal også gjelde for LSN12.

4.6 Landbruk pluss

I LNFR–områda er det opna for etablering av næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag. Rettleiaren til Klima- og miljødepartementet "Plan- og bygningslova og landbruk pluss" skal bli lagt til grunn ved vurdering av om tiltak er å sjå som næringsverksemd knytt til landbruket.

5. Bruk og vern av vatn og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl §§ 11-9 og 11-11)

5.1. Miljøkvalitet i vassdrag

Alle vassdrag skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand, jf. Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vannforskrifta), av 15.12.2006 nr. 1446, § 4. Dei vassdraga som er sterkt påverka av menneskeleg aktivitet, til dømes dei kraftig regulerte, skal minst ha godt økologisk potensial og god kjemisk tilstand, jf. vannforskrifta § 5. Dette vil oppretthalde vatnet som ressurs både for folk, planter og dyr.

5.2 Forbod mot og vilkår for tiltak i vassdrag

Utfylling, grusuttak og andre inngrep som endrar dei økologiske og/eller fysiske forholda i og langs vassdrag og i område som blir oppfatta som ein del av vassdragsnaturen, som sidebekker, kantsona etc., er ikkje tillate utan dispensasjon frå Lov om vassdrag og grunnvann (vannressurslova), av 24.11.2000 nr. 82, og/eller Lov om laksefisk og innlandsfisk mv., av 15.5.1992 nr. 47.

Anleggsarbeid som medfører slam og transport av finstoff i elv, bekk og vassdrag med storaure skal som hovudregel bli utført i perioden 15. juni til 15. september (dette for ikkje å hindre aure på gytevandring og rogn og yngel i sedimenta). I samband med kryssing av mindre bekker og elver skal kulvertar, stikkrenner og andre konstruksjonar bli etablert så raskt som mogleg, slik at perioden med transport av slam og finstoff i vassdraget blir kortast mogleg. Dei skal òg utformast slik at dei ikkje blir vandringshinder for fisk.

5.3 Verna vassdrag

Lærdalsvassdraget, Begnavassdraget frå Otrøvatnet til Strøndafjorden, Rødøla, Skakadalsåne, Helin og Nørre Syndin med sideelver har varig vern mot vidare kraftutbygging i medhald av verneplan I og II. Dette gjeld der anna ikkje er bestemt i godkjend reguleringsplan.

6. Forhold som skal bli avklara i vidare reguleringsarbeid (pbl § 11-9 nr. 8)

6.1 Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)

Ved utarbeiding av reguleringsplanar for utbyggingsformål skal det bli gjennomført ROS-analyse, jf. pbl § 4-3. ROS-analysen skal avdekke og dokumentere eventuelle risiko- og sårbarheitsforhold som ikkje er avklart på overordna plannivå. Avbøtande tiltak skal inngå i ROS-analysen. Aktuelle avbøtande tiltak skal vere gjennomført før det blir gjeve løyve til utbygging.

6.2 Flaum og skred

- Det blir ikkje gjeve løyve til bygging langs vassdrag før det er dokumentert at området ikkje er utsett for flaum.
- Minimum 20 meter på kvar side av bekker og elver er potensielle fareområde, og skal som hovudregel ikkje bli brukt til utbyggingsformål. På strekningar med lausmasseskråningar høgare enn 20 meter bør breidda minst vere lik høgda.
- All verksemd i skredutsette område skal ta omsyn til risiko for skred/ras. Det blir synt til temakart med aktsemd og reelle faresoner for ras- og skredfare, jf. pbl §11-8, 3. ledd bokstav a (sjå òg punkt 7.1.2.).
- Krav til sikkerheit i TEK 10 § 7-2 skal vere dokumentert og ivareteke før bygging kan starte.
- Naudsynte sikringstiltak mot flaum og skred må inngå i reguleringsplan der dette kan bli aktuelt.
- Naudsynte sikringstiltak mot flaum, skred og flaumskred skal vere ferdigstilt før utbygging av området blir sett i gang.

6.3 Overvatn

Ved ny busetnad og/eller større ombygging/rehabilitering (fortetting eller nye område) gjeld fylgjande, jf. TEK 10 § 15-10:

- Overvatn skal bli handtert lokalt, dvs. på eigen grunn ved infiltrasjon, fordrøyning eller på annan måte.
- Ved fortetting, nye busetnadsområde, gater/veger, eller endringar av eksisterande forhold skal handtering av overvatn bli gjeve ekstra merksemd. Bruk av gater/veger/ P-plassar/grøntanlegg/overflatebasseng til fordrøyning på overflate skal bli utgreidd. Det må bli vurdert evakueringslaup (vassveger) på overflata slik at vatnet i ekstreme situasjonar kan bli leidd vidare utan at skade oppstår.

6.4 Grunnforureining

I område med forureina grunn eller fare for forureining av grunnen skal *Forskrift om begrensning av forureining* bli lagt til grunn for all plan- og byggjesaksbehandling.

6.5 Potensielle drikkevasskjelder

For utbyggingsområde i nedbørsfeltet til potensielle drikkevasskjelder som Tyin og registrerte grunnvassførekomstar blir det kravd dokumentasjon av samla belastning på vassdraget i samband med val av avlaupsløysing. Områda ligg som sikringssone.

6.6 Naturmangfald

Naturmangfaldloven, lov av 19.6.2009 nr. 100, kapittel 2, gjer reglar om berekraftig bruk av naturmangfaldet. Lova § 7 seier at prinsippa i paragrafane 8 til 12 skal liggje til grunn som

retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit, og vurderinga skal gå fram av avgjerda. Kunnskapsgrunnlaget er viktig for ei avgjerd, jf § 8. Er det ikkje godt nok, seier «føre-var-prinsippet» skal ein unngå skade på naturmangfaldet, jf § 9. I vurderinga skal òg menneskets samla belastning på økosystemet inngå, jf § 10.

Der konsekvensutgreiingar syner tvil om datagrunnlaget for naturmangfald er godt nok, blir det kravd kartlegging i samband med utarbeiding av reguleringsplan.

6.7 Andre krav

For utbyggingsområde i eksponerte lisider bli det kravd føresegner til bl.a. terrengtilpassing, utforming og farge- og materialbruk. I tillegg bli det kravd eigne geotekniske vurderingar med omsyn til risiko- og sårbarheit. Større stiar som blir råka av utbygging skal bli ivareteke, alternativt skal ein sikra omlegging eller at ferdsle til fots blir ivareteke på anna måte.

7. Omsyns- og bandleggingsoner (pbl § 11-8)

7.1 Sikring-, støy- og faresoner (pbl § 11-8 tredje ledd bokstav a)

7.1.1 Støysoner

Støyømfintlege tiltak som bustader og fritidsbustader skal ikkje bli lokalisert innafor kartlagt raud støysone (H210_1 og H210_2).

Ved tiltak innafor gul støysone (H220_1 og H220_2) skal det gjennomførast støyberekningar som viser støynivå inne og ute ved byggjet sine fasadar og uteareal. Utgreiinga skal syne tiltak mot støy dersom grenseverdiane i T-1442 (2012) blir overskride.

H210_1 og H220_1 byggjer på eldre berekningar. H210_2 og H220_2 er berekna med nyare modeller og har høgare presisjon. Begge er beste tilgjengelege kunnskap og har same status.

7.1.2 Ras-, flom- og skredfare

Temakart for jord- og flaumskred, snøskred og steinsprang er utarbeidd i forbindelse med kommuneplanarbeidet. Aktsemdsoner for snøskred og steinsprang er utarbeidd av NVE i samsvar med www.skrednett.no (pr. juni 2014). Kartlegging av reell fare frå fagkyndige kan frigjere område omfatta av aktsemdområda. (Rettleiaren «Flaum- og skredfare i arealplanar» (revidert 22. mai 2014 skildrar kva relevante myndigheiter forstår med 'fagkyndig' for skredvurderingar). Tiltakshavar er ansvarleg for dette i samband med reguleringsplan.

Kartlagde faresoner for snø- og sørpeskred angitt i plankartet (kode H310_1-4) (sjå tabell 4).

Tabell 4: Kartlagde faresoner for snø- og sørpeskred.

Kode i kartet	Faresoner
H310_1	Kommunedelplan Tyinkrysset
H310_2	Kommunedelplan Grindafjell
H310_3	Kartlagt snøskredfare
H310_4	Kartlagt sørpeskredfare

7.1.2.1 Snøskred

Ulike byggjetiltak er omfatte av ulike sikkerheitsklassar for skred, jf. TEK10 § 7-3. T.d. skal bustader og fritidsbustader vere sikra mot skred med gjentaksintervall på 1000 år. Innafor område omfatta av reell skredfare gjeld fylgjande:

- Faresoner for skred med stripla grense er digitalisert frå rapport i papirversjon. Det kan vere mindre avvik frå originalkartet. Original rapport blir rekna som beste tilgjengelege kunnskap. Dersom denne ikkje blir vurdert som tilstrekkeleg av kommunen, tiltakshavar eller fagkyndige styresmakter, er det tiltakshavar sitt ansvar å innhente ny rapport som tilfredstillar gjeldande standard.
- Det må liggje føre ei skredfagleg vurdering som syner korleis eit tiltak kan bli sikra før det kan bli godkjent gjennom reguleringsplan eller dispensasjon.

7.1.2.2 Flaum

Det er krav om fagleg vurdering for godkjenning av tiltak gjennom reguleringsplan eller byggjesak for tiltak som ligg i kartlagde flaumsonar. Tiltak må vere sikra i samsvar med gjeldande sikringsklasse, jf. TEK10 (for bustader og fritidsbustader gjeld dette 200-årsflaum). Der det ikkje ligg føre flaumvurdering må tiltakshavar gjennomføre dette for alle byggjetiltak nærare vassdrag enn 20 m, sjå òg punkt 1.5.

7.1.3 Skytebane

Innafor omsynssonene er det ikkje tillate med tiltak som kan koma i konflikt med omsyn til støy, fare og sikkerheit. Eventuelle tiltak må utgreiast med omsyn til støy, fare og sikkerheit.

7.1.4 Høgspenningsanlegg

Ved planar om nye bygg nær kraftleidningar eller ved etablering av nye kraftleidningar nær eksisterande busetnad skal fareområde omkring høgspentliner blir berekna og dokumentert.
Ved ny eller endring av eksisterande busetnad i omsynssona skal det bli lagt fram berekna styrke på elektromagnetisk felt. Dersom magnetfelt overstig 0,4 mikrotesla skal det bli utgreidd tiltak for å redusere nivået. Nye bustader, skular, barnehagar og lekeplasser skal ikkje overskride grensa på 0,4 mikrotesla.

7.1.5 Forureina grunn

Område med forureina grunn eller fare for forureining av grunnen skal *forureiningsforskrifta* bli lagt til grunn for all plan- og byggjesaksbehandling. Før det kan bli sett i verk tiltak i grunnen eller bli gjennomført terrenginngrep, skal det i bli utarbeidd tiltaksplan, jf. Forureiningsforskrifta. Tiltaksplanen skal vere godkjent før tiltaket blir sett i verk.

Forureina lokalitetar er registrert på http://grunn.miljodirektoratet.no/. Det er berre gjort ein punktregistrering av forureininga. Ved vurdering av kva for areal som er påverka (i nærleik til lokalitetane) må forureiningskjelda og utbreiinga bli lagt til grunn.

7.2 Soner med særlege omsyn (pbl § 11-8 tredje ledd bokstav c)

7.2.1 Område med særleg verdifullt kulturlandskap - stølsområder

I desse område skal det bli ført ein streng dispensasjonspraksis. Byggje- og anleggstiltak som har direkte samband med næringa er tillate. Eksisterande hytter kan bli utvida slik at dei harmonerer med eksisterande bygningsmasse. Det er betre med fleire små hus enn eit stort, og ein skal legge særskild vekt på god byggjeskikk, jf. byggjeskikkrettleiarane. Områdane er angitt med koden H510 i kartet.

7.2.2 Reindrift

